

RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR

TILDELING

Gjennom Rådmannen og Ungdommens kommunestyre tildeler Fjaler kommune kvart år midlar til allmenne kulturtiltak til frivillige lag, organisasjonar og einskildtiltak. Kommunestyret fastset kvart år storleiken på midlane og tilskota vert fordelt etter retningslinjer vedtekne av kommunestyret.

Hovudtildelinga – 2/3 av kulturmidlane – vert handsama 1.halvåret, søknadsfrist 15.mars, medan resten kan tildelast som prosjektmidlar heile året med søknadsfrist 15. oktober for kalenderåret.

Rådmannen innstiller hovudtildelinga av kulturmidlane for formannskapet. Rådmannen handsamar søknader på prosjektmidlar.

Ungdommens kommunestyre løyver midlar til særlege ungdomstiltak.

FØREMÅL

Tilskotsordninga skal stimulere lag, organisasjonar, institusjonar og einskildpersonar i kommunen til å fremje og gjennomføre kulturelle tiltak. Primært skal kulturmidlane gå til lag og organisasjonar som har born og unge som målgruppe.

VILKÅR FOR TILSKOT

Tildeling av kulturmidlane til alle lag, organisasjonar og einskildtiltak i Fjaler kommune føresett:

- At lag/org. er opne for alle
- At tiltaket har minst 5 medlemmar/ deltakarar
- At tiltak, der målgruppa er ungdom under 18 år, er rusfrie
- At søknaden er innlevert innan kunnngjort tidsfrist på gjeldande søknadsskjema
- At søkjar har oppfylt sine plikter overfor kulturkontoret i tidlegare tildelte tilskot og vilkår for desse
- Organisasjonar som har stor medlemsdel i Fjaler, men som byggjer sitt arbeid på eit større geografisk område kan få tilskot
- Tilskot til oppstart av nye lag og organisasjonar
- Kulturkontoret har til kvar tid rett til å undersøke om grunnlaget for tilskot er til stades, og korleis tildelte midlar vert brukt

Tildeling i prioritert rekkjefølgje:

- Tiltak for born og ungdom under 19 år
- Tiltak for leiar- og instruktør opplæring
- Tiltak for uorganisert ungdom
- Lag og organisasjonar som aksepterer følgjekortordninga
- Andre

Prosjektmidlar vert tildelt etter følgjande kriteria:

- Særlege barne og/eller ungdomstiltak
- Større samarbeidstiltak på tvers av: lag/organisasjonar/grupper/ krinsar
- Tiltak som integrerer alle innbyggjarar

Unntak:

- I særlege høve kan ein gje tilskot til deltakarar frå Fjaler i t.d. Noregsmeisterskap, fylkesleir, landsleir o.l.

HANDSAMING

Alle vedtak er det mogleg å klage på jfr. Forvaltningslova kap. VI.

Idrettsrådet innstiller til formannskapet fordelinga av tilskota til idrettslaga tilslutta NIF, etter gjevne retningsliner.

Andre råd t.d. musikkråd kjem under liknande ordning.

Vedtak om tildeling av kulturmidlar skal gjerast kjende for søkjarane. Kulturkontoret har ansvar for rask ekspedisjon av løyvde tilskot.